

Unge menneske i Noreg har hatt «griseflaks» ved å vere født i eit av verdas rikaste og beste land å bu i, skriv filosof Arne Johan Vetlesen i si siste bok *Hva skal vi svare våre barn?*

Boka er eit kampskrift om miljøkrisa, og tar eit radikalt oppgjær med vår tids måtar å omgå problem på. Vetlesen og sosiolog Rasmus Willig har kome med eit «naudrop», som dei sjølve kallar sitt sosiologisk-filosofiske opprop. Dei meiner at utdanning i å tenke kritisk og yte motstand er viktigare enn nokosinne og kunnskap gir ansvar – eit ansvar for å endre kursen så raskt råd er.

«Vi har vært døve, dumme og blinde» og vi er fanga i håpet om ei teknologisk løysing, skriv forfattarane vidare, og grunnir påstanden om at den etablerte samfunnsmodellen har slått feil. Kampen er ein dagleg kamp, skriv dei to – om vi ikkje endrar levevis. Vi er fanga i nektingar, og vi treng å omskolere det begjæret vi har etter tinga. Vi treng lærarar som kan førebu seg ordentleg og gi barna kvalifisert undervisning.

Kva med vitenskapane som «står passivt og betrakter krisene», er dei kanskje ikkje vitiskapar? Det er snakk om kriser som trugar framtida til menneske og natur. «Bare de vitenskapene som aktivt tar stilling og tjener mulighetsbetingelsene for fortsatt eksistens og utfoldelse av indre og ytre natur, har en mulighet for å påberope seg status som sanne vitenskaper» skriv forfattarane.

Forelesinga er eit fagleg bidrag i forskargruppa Nature in Childrens Literature and Culture (NaChiLitCul) <https://blogg.hvl.no/nachilit/> sitt mangeårige arbeid med tematikken.

Forskargruppa studerer framstillingar av natur i nordisk barne- og ungdomslitteratur, og i didaktiske praksisar knytta til rørsleaktivitar i utemiljø, og vi spør korleis slike framstillingar kan vere med å utvikle og utfordre språk, tenkemåte og haldningar til natur.

Arrangementet i E105 torsdag 24.01.2019 kl. 13:00 – 15:00 er åpent for alle.

Velkommen til:

Studentar som kanskje vil stille spørsmålet: *Kva skal vi svare elevane våre?*

Tilsette som tenkjer: *Kva skal vi svare studentane våre?*